



## Notat

Dato: 14.03.2018  
Arkivsak: 2017/14135-5  
Saksbehandlar: heilars

---

**Til:** Rune Haugsdal

---

**Frå:** Heidi Bjønnes Larsen

---

### Høyring for "Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022"

«Temaplan or landbruk i Hordaland 2018-2022» er ikkje ein regionalplan etter plan- og byggingssloven. Regional planstrategi stadfestar at «Temaplanar vil ha varierende grad av ekstern medverknad og dette må fastsetjast i oppstartsak». I Oppstartsa for «Temaplan or landbruk i Hordaland 2018-2022» (PS 197/2017) vert det vedteke at ekstern medverknad skulle sikrast gjennom samrådsgruppa og dialogmøte. Fylkestinget vedtok den 7.mars 2018 i PS 20/2018 at «Temaplanen for landbruk vert sendt ut på høyring». I fylkestinget den 7.mars vert det av fylkesrådmannen stadfesta at fylkestinget skal få temaplanen til ny handsaming til fylkestinget i juni 2018.

Ut frå manglande føringar for denne type høyringar vert under skissert ein forslag til framdrift for å gjennomføre høyringsprosessen i tråd med vedtaket i fylkestinget og for å sikre at fylkestinget får «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» til handsaming i juni 2018.

Forslag til prosess for høyring knytt til «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022»:

- **16.mars høyringsside på hordaland.no.** Høyringsinnspel vert sendt til Hordaland fylkeskommune per e-post til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) og merket med ehortennummer 2017/14135
- **16.mars sende ut e-post.** Det vert sendt e-post om høyring til kommunane i Hordaland, og det vert lagt ut informasjon om høyringa på Hordaland fylkeskommune sine nettsider, i BT og i regionavisene.
- **20. april Høyringsfrist.** Denne fristen gjer ein høyringsperiode på 22 arbeidsdagar. Forvaltningslova seier ikkje noko konkret om lengde på fristar anna enn at det skal vere «rimeleg frist». I eit svar frå departementet på spørsmål om frist er det brukt denne formuleringa: «Etter forvaltningsloven § 16 (med tilhørende forskrifter) kan det settes frister i f.m. med varsling og behandling av en forvaltningssakssak. Vanligvis anses tre uker å være en rimelig frist, men konkrete forhold i den enkelte sak kan tilsi en annen frist. Frister som er kortere enn tre uker vil normalt ikke bli ansett som forsvarlige.» Høyringsinnspel vert samla i ein rapport. Fyrste del av rapport en er drøfting av innspel. Andre del av rapporten vil presentere alle høyringsinnspel i ein tabell. Tabellen vil informere om kven som er kome med høyringsinnspelet, kva tema høyrer inn under, kva innspelet er og merknad- eller oppfølgingspunkt frå administrasjonen.
- **10.mai saken blir lagt på flyt.** Politisk sak heiter då «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022»- framlegg etter høyring. Dokumenta i saken blir: Politisk sak, revidert temaplan og rapport over høyringsinnspel. Det politiske saka tek opp i seg gjennomgang av prosessen knytt til høyring der i blant kven som har motteke invitasjon om å kome med høyringsinnspel. Saka skal og presentere ein gjennomgang av konkrete endringar i temaplanen. Om det er vesentlege innvendingar mot planen skal det kome fram i den politiske saka.
- **31.mai Fylkesutvalet**
- **12/13.juni Fylkestinget**